

## **Rettleiar til skolen og skoleeigar om organisasjonars plass i skolen**

*Til: Alle skolar og skoleeigarar*

*Frå: AUF, FpU, KrFU, RU, Senterungdomen, SU, Unge Høgre, Unge Venstre, Elevorganisasjonen og LNU*

Opplæringslova slår fast at skolen skal "opne dører mot verda og framtida" og fremje demokrati. Elevane skal "utvikle kunnskap, dugleik og haldningar for å kunne [...] delta i arbeid og fellesskap i samfunnet." Dei skal få utfalde engasjement og dei skal møte "utfordringar som fremjar danning og lærelyst".

Dei frivillige barne- og ungdomsorganisasjonane er ei mulegheit for barn og unge til å vere med på å forme samfunnet omkring seg. Demokratiske og ungdomsstyrte organisasjonar byggjer gode fellesskap, utfordrar unge til å ha ei meining og gjere noko med henne. Dei bidreg til å jamne ut negative forskjellar, og til å skape aksept for mangfald.

Organisasjonane fungerer som skolar i demokrati. Samanlikna med kommersielle, medie- eller vaksenstyrte tilbod har dei ein meirverdi som partner for skolen.

Mange barn og unge har ikkje mulegheit til å delta i organisasjonar eller andre fritidsaktivitetar av årsaker dei ikkje sjølv rår over. Skolen er ein hindringsfri arena. Her er alle og alle har mulegheit til å delta, uavhengig av kjønn, etnisitet, religion eller funksjonsgrad.

Skolen og dei demokratiske og ungdomsstyrte barne- og ungdomsorganisasjonane kan i samvirke skape meirverdiar som gjer det enklare for skolen og elevane å nå måla i opplæringslova. Saman kan ein bidra til å skolere barn og unge som deltakarar i demokratiet. Erfaringar frå andre land viser at skolen, som møteplass mellom ungdom og politikarar, kan spele ei avgjerande rolle for valdeltakinga mellom dei yngste veljarane. Skolen bør aktivt oppfordre elevane til å bruke retten til å delta i demokratiet, og bidra til å synleggjere at valet er relevant for deira kvardag.

Tilbakemeldingar fra barne- og ungdomsorganisasjonane tyder på at skolar og skoleeigarar har hatt ulik praksis når det gjeld tilgang til skolen for barne- og ungdomsorganisasjonar. Til grunn for denne rettleiaren ligg at praksisen bør bli meir einsarta, og at det skal bli enklare for barne- og ungdomsorganisasjonane å få tilgang til skolen og skolebygget.

## Sju råd til skolen og skoleeigar om organisasjonars plass i skolen

1. Skolen bør så langt som muleg stille seg positiv til initiativ frå frivillige organisasjonar om å få besøkje skolen og/eller medverke i eit læringsopplegg. Dette gjeld både lokale, regionale og nasjonale organisasjonar, både politiske og ikkje-politiske. Organisasjonar med (politisk) siktemål i strid med FN's menneskerettserklæring eller FN's Barnekonvensjon bør likevel ikkje ha tilgang til skolen. For dei partipolitiske organisasjonane gjeld dei felles køyrereglar dei sjølve har kome over eins om, fram til og med 12. september 2011.
2. Lærarane bør på eige initiativ undersøkje mulegheitene for samarbeid med lokale, regionale og nasjonale organisasjonar for å oppnå kompetansemåla i læreplanen. Det bør setjast av tid til besøk frå frivillige organisasjonar i årsplanen, slik at det er rom for besøk som ikkje er varsla når semesteret startar.
3. Besøk frå organisasjonar kan telje med i årstimetalet, når aktiviteten har eit innhald som er i tråd med læreplanen for eit fag. Til dømes vil besøk av samfunnspolitiske organisasjonar som regel ha eit innhald relevant både for norsk og samfunnsfag. Kravet om minste årstimetall er ikke til hinder for gjennomføring av andre aktiviteter enn tradisjonell opplæring.<sup>1</sup>
4. Organisasjonane har eit ansvar for at medverkad i eit læringsopplegg er noko anna og/eller meir enn rein politisk agitasjon, forkynning eller verveverksemd. Læraren bør likevel ikkje bryte inn i det planlagde opplegget til ein besøkjande organisasjon, men heller delta i den etterfølgjande diskusjonen dersom det er føremålstenleg.
5. Skolen og lærarane bør i alle relevante samanhengar vise verdien av samfunnsengasjement, synleggjere påverkingsmulegheiter lokalt, regionalt og nasjonalt, og elles fremje politiske diskusjonar mellom elevane
6. Barne- og ungdomsorganisasjonar med verksemd eller planar om verksemd i lokalmiljøet bør etter avtale med skoleleiinga få gratis tilgang til eigna lokale på skolen for å halde informasjonsmøte, medlemsmøte, stand eller liknande
7. Bruk av friminutt eller fritime til møteverksemd på skolens område bør bli sett på som grunnleggjande positivt. Når deltaking er frivillig skal ikkje organisasjonar med partipolitisk eller religiøs tilknytning bli handsama annleis enn andre barne- og ungdomsorganisasjonar i så måte.

---

<sup>1</sup> Jfr. <[http://www.udir.no/Artikler/\\_Lov/\\_Tilsyn/Operasjon-Dagsverk-og-krav-til-minste-arstimetall/](http://www.udir.no/Artikler/_Lov/_Tilsyn/Operasjon-Dagsverk-og-krav-til-minste-arstimetall/)>